

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE

Protokoll frå årsmøte i Klivrelaget

15.01.2025 18:00, Biblioteket på Ulstein Arena



Sak 1

Godkjenne dei røysteføre

Det var **16** røysteføre til stades ved starten av årsmøtet.
Desse hadde ordet i saka: Ingen kommentar til/frå dei frammøtte.
Vedtak: Dei røysteføre medlemmene vart godkjent.

Røysteføre må ha vore medlemmar i 1mnd før årsmøte.

Årsmøtet er vedtaksført dersom det møter eit tal medlemer med stemmerett som minst svarar til talet på styremedlemmer vedteke i idrettslaget si lov. Dersom årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det innkallast til årsmøte på nytt utan krav om minimumsdeltakelse. Dette er då dekt med oppmøte på årsmøte da ein er 8 styremedlemmer.

Sak 2

Velge dirigent, ordstyrer, referent Samt to medlemmer til å underskrive protokollen

Innstilling:

Dirigent : Anne Marte
Referent: Tobias Hatløy
Skrive under protokoll: Amanda Låbakk og Håkon Igland

Desse hadde ordet i saka: Ingen kommentarer

Vedtak:

Dirigent vart valgt samrøystes.
Referent vart valgt samrøystes.
Til å underskrive protokoll vart valgt samrøystes.

Sak 3

Godkjenne innkallinga, sakliste og forretningsorden

Innstilling: Forslag til forretningsorden: Godkjend

1. Årsmøtet ledast av den valgte dirigenten: Anne Marte
2. Protokollen førast av den valgte referenten: Tobias Hatløy
3. Grunna antallet frammøtte ser ikkje styret grunn til å ha strenge reglar for innlegg og taletid.
4. I protokollen førast det inn forslag og vedtak med antall røyster for og imot.

Vedtak:

Desse hadde ordet i saka: Ingen kommentar til forretningsorden

Innkalling og sakliste vart godkjent med følgande tillegg: Ingen
Framlagde forslag på forretningsorden vart godkjent.

Sak 4.

Behandle idrettslagets årsberetning

Innstilling:

Årsmeldinga for 2024 vert godkjent.
Desse hadde ordet i saka: Styreleder las årsberetninga, og der var ingen kommentar til denne.

Vedtak:

Samrøystes vedtatt.
Årsmeldinga for 2024 vert vedtatt med fylgjande rettelsar: Ingen kommentarar.

Sak 5.

Behandle idrettslaget sitt regnskap i revidert stand

Innstilling:

Rekneskap vert godkjent.

Desse hadde ordet i saka: Kasserer presenterte rekneskapen for 2024

Vedtak:

Regnskapet for 2024 er samrøystes godkjent uten kommentarar.

Sak 6.

Fastsette medlemskontingent og treningsavgift.

Innstilling:

Medlemskontingenten kr 100

Treningsavgift vaksen 1200,-. Student 600,- og barn (0-18år) 300,-

Vedtak: Vi beholder medlemskontigenten som den er.

Kommentar

Det kom inn sak til årsmøte om å auke medlemskontingent i 2025/26 for å skape direkte innskudd til buldrehallen. Type opp 250,- for vaksne og 100,- for barn. Det blei diskusjonar for og imot om fordelane og ulempene. Ei auking vil gi midlar til buldrehallen, omskruing av veggen og andre aktivitetar som Klivrelaget driver med. Likevell kan det virke som vi ikkje har behov for dette per i dag og avventer difor med ei endring. Blei ei avstemming om vi skulle beholde gjeldande sats. Her vart det stemt 16/16 stemmer for å behalde gjeldande sats.

Sak 7.

Status buldrekomiteen

Følgende hadde ordet i saken: Johannes Dahl

Vedtak: Buldrekomiteen kan fortsette det gode arbeidet.

Kommentar

Fase 1 er ferdig og i gang med Fase 2. Trenger 250 - 300.000,- for å kome i mål med 2.etg.

Applaus for buldrekomiteen sin innsats.

Ser veldig bra ut! Buldring er populært.

Styrelederen etterspør meir informasjon ut til medlemmane underveis i prosjektet for å skape dugnadslyst.

Sak 8.

Vedta idrettslagets budsjett

Innstilling:

Budsjett for 2025 godkjennes.

Desse hadde ordet i saka: Carl Arthur Røkke Sunde

Vedtak:

Post 6510 - opp på verktøy til 5000,- for å kjøpe inn feinsag til å kutte boltar inne i strukturen på ulstein arena.

Post 7500 - opp med forsikring til 15 000,- for å imøtekomme eventuelle endringar.

Kommentar

Budsjettert med eit driftsresultat på - 232.515.50,-.

Då sitter ein att med ca. 100.000 på konto i Klivrelaget. Dette skaper ein likviditet som kasserer meiner er forsvarleg

økonomisk for vidare arbeid i laget, ifølge kasserer.

Forsikring må sjekkes ut for buldrehallen etter nybygginga.

Bør sjekke ut forsikring for medlemmar og egenskapar ved denne ved å vere tilknytta NKF

Sak 9.

Valg

A) Valgkomiteens innstilling på leiar: Johannes Dahl

B) Valgkomiteens innstilling på nestleder: Håkon Igland

C) Valgkomiteens innstilling på styremedlemmer og varamedlemmar til styret:

Carl Arthur Sunde, Anne Marte, Amanda Låbakk, Peter Lillenes og Børre Wågan

Kasserar:	Carl Arthur Sunde
Vara:	Jan Einar Hovden
Ungdomsrepresentant:	Amanda
Buldrekomite	Johannes Dahl, Håkon Igland, Henning Langeland, Olve Havåg og Leif Gunnar Fortsetter arbeidet og blir organisert vidare av Klivrestyret.

Tobias Hatløy, Astrid Andersen, Jan-Einar Hovden, Lisbeth Hareide Longva og Vegard Flister går ut av styret.
Hjertelig takk til det bidraget dei har gjort for Klivrelaget.

Vedtak:

Samrøystes valgt.

D) Styrets innstilling på valgkomité:

Følgende hadde ordet i saken: Tobias Hatløy

Vedtak:

Person 1: Olve Havåg

Person 2: Henning Langeland

E) Valgkomitéens innstilling til Kontroll utvalg

Person 1: Tobias Hatløy

Person 2: Oskar Solbakken

Viderføring av signeringsrett

Carl Arthur Røkke Sunde og Johannes Dahl gis signeringsrett på vegne av Klivrelaget. Dermed opprettholder kravet frå NIF om dobbeltsignering i laget.

Navn	Personnummer
Carl Arthur Røkke Sunde	050887 38332
Johannes Dahl	270983 46754

Sak 10

Saker som har kome inn frå medlemmane

A. Sette av 150-200.000,- frå Klivrelaget egenkapital til buldrehallprosjektet om det er økonomisk forsvarleg(Johannes)

270.000,- (inkl sponsormidler i 2024) vert sett av i budsjettet for 2025. Godkjend av årsmøte. Ekstra sponsorinntekter kan tilfalle buldrekomiteen sitt prosjekt med buldrehallen.

Dette er midlar for å fullføre 2.etg.

For å ferdigstille 1.etg anslår ein til ca. 100.000,- i kostnadar med ein del dugnad medrekna.

Hadde vore fint med adgangskontroll, brannalarmsystem og wifi. Men har ikkje planlagt for dette per i dag.

Buldrekomiteen undersøker kva krav og reglar som må følgast for å få eit bygg som kan brukast av klubben uten hinder ifht reglar.

B.Presenter avtale med Sparebanken.(Johannes)

Klubben er glad for samarbeidsavtalen.

Styret organiserer bruken framover i samarbeid med kasserar og organiserer dokumentasjon til banken for å overholde det som er avtalt.

C.Kjøre romaskin og anna treningsutstyr til buldrehallen (Ariel, Peter..)

Styret og dei oppmøtte er positive til å bruke pengar på dette, men ønsker å ferdigstille buldrehallen før vi kjøper inn slikt utstyr.

D.Satsingsgruppe for ungdom (Ariel)

Leif Gunnar med fleire utvidar juniortilbudet og organiserer buldring for dei som er gira.

E.Arrangere klubbsamling på beachen (Ariel)

Det er vi positive til. Prøver oss på ei klatresamling uten betalt guide(standal, patchellhytta) i 2025. Ønsker å legge opp til lavterskelklatring i nærområdet organisert av Klivrelaget med bruk av dei nysertifiserte sport 1 instruktørene.

F.Auke medlemskontingent i 2025/26 for å skape direkte innskudd til buldrehallen. Type opp 250,- for vaksne og 100,- for barn. (Henning)

Sjå sak 6.

Ser etterkvart om det blir nødvendig.

Ny vurdering i 2026.

G.Ruteskruing av hallen to gongar i året (Peter)

ca.6000 for lift ei veke.

Styret legger ein plan for å ruteskruing gjennom året. Vurderer to dugnadar eller ei anna variant.

H.Utvida åpningstid Arena - alle medlemmer kan klatre når dei vil (Peter)

Styret tek denne saka vidare. Det har vore jobba med dete tidlegare, men har runne ut i sanden da kommuna/Ulstein Arena har vore treige på svar og pris for å gjennomføre dette. Det har tidlegare blitt erklært at ein må bytte ut nokon låsmekanismar i dørene rundt. Ein må difor ta tråden opp på nytt for å finne kostnadane rundt dette.

I.Organisere og legge til rette for private initiativ i klubben. Feks foredrag, filmkveld(Henning/Tobias)

Vi er villig til å få til mykje med dei midlar som er satt av til møter/kurs/oppdatering i budsjettet. Positive til medlemmer sine initiativ så lenge dette er;

- Avklart i god tid
- Må avtale pris, reise og diett etter avtale med styre.
- Viktig at fakturering er gjennomført i henhold til lovleg praksis

Då er årsmøte for Klivrelaget gjennomført.

Takk til alle som deltok.

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE

Protokoll frå årsmøte i Klivrelaget

[signatur av person nr.1 valgt til å undertegne]

Amanda Låbakk

DATO:

[signatur av person nr.2 valgt til å undertegne]

Håkon Igland

DATO:

